

MENIGHETSBLAD FOR VANG I VALDRES

Takk, gode Gud, for alle ting, først for bror Sol, så lys og fin.

Han vekker oss hvert morgengry og er ditt tegn for oss i sky. Halleluja, halleluja. Takk for alle dine under. (NS nr 281)

Nr. 3

66. årgang

Allehelgen 2025



All you need is love

Johannes 15,9–12:

Jesus sa: Som Far har elska meg, har eg elska dykk. Ver i min kjærleik! Held de boda mine, er de i min kjærleik, slik eg har halde boda til Far min og er i hans kjærleik. Dette har eg tala til dykk så mi glede kan vera i dykk og glede dykkar kan bli fullkomen. Og dette er bodet mitt: *De skal elska kvarandre som eg har elska dykk.*

Kanskje nynnar du på Beatles-sangen når du les orda *All you need is love*. Ja, for dette tema er noko dei fleste fortattarar skriv om, artistar syng om, og alle erfarer i livet. Kjærleik. Stor eller liten.

Eg ser utover dei minste borna i kyrkjelyden denne søndagen. Dei har funne kvart sitt vaksne fang å slå seg til ro i, også dåpsbarnet. Det er gode blick mellom den vaksne og barnet. Eg kan sjå kjærleiken. Den er å finne.

Barnepreika denne søndagen handla om dette: korleis kan me vise kjærleik? Me kom fram til at i alle fall ein klem kunne virke godt.

‘De skal elska kvarandre’. Seier Jesus, men det seier jo alle som snakkar om kjærleik. Kven er det som ikkje er enige i det? Me skal jo være glade i kvarandre, det er innlysande.

Når Jesus presiserer oppmodinga si, seier han: *Som eg har elska dykk*, og Far min elska meg. *Slik skal de elske kvarandre*. Ja, når eg tenker over det: Jesus viste modig og tydelig kjærleik.

Han tok raust og villig imot borna som vart borne fram til han på torget der alle var. Han tok ei på fanget – sikkert slik borna ofte sit på fanget i gudstenesta. Hå oss er det normalt og fint, men då Jesus gjorde nettopp dette, var det provoserande. Gud skulle ikkje framstillast som nokon som tok imot alle. *Det måtte jo være grenser*. Ja, måtte det det, spør Jesus retorisk tilbake?

‘Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei’. Me kan lese om fleire hendingar der Jesus viser modig og

tydelig kjærleik. Ved to høve les me om mobbeoffer. Jesus nøler ikkje, men får mobbarane til å sjå seg sjølv. ‘Den av dykk som er utan synd, kan kaste den første steinen’ sa han. Så såg han ein annan veg, og alle som var komne for å steine ei kvinne til døde, enda med å gå vekk.

Liknande var det då Jesus valde å besøke han som ingen likte, som tok meir betalt enn det han skulle på jobb og stakk pengane i eigen lomme. Jesus si haldning til denne karen gjorde at han sjølv valde å rydde opp livet sitt og så dele raust av overfloda si, langt meir enn det han hadde tatt.

Jesus viser kjærleik. Demonstrerer det i daglege handlingar og haldningar.

Det som på ingen måte er daglegdags, men unikt for Jesus, er då han går frivillig i døden på korset og blir reist opp til liv tre dagar etter. Denne kjærleiken er unik. Og det er denne kjærleiken som ber kyrkja vår gjennom alle tider.

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 907266

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongstien
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr. Øye kyrkje: 2146.40.24368
Vipps 118656

Kontonr. Øye stavkyrkje: 2146.56.25233

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret
Kontortelefon: 476 30 405
e-post: post.vangivaldres@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
e-post: sh466@kirken.no
Kontormedarbeidar: Silje Marie Olimb
e-post: so558@kirken.no

Kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen
Tlf: 467 53 905
e-post: at343@kirken.no

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen

Organist i alle kyrkjer:
Kateryna Persysta
Mob. 46247658
e-post: kp427@kirken.no

Redaksjonen vart avslutta 4. oktober. Neste menighetsblad utkjem veke 51, frist for innsending av tekst og bilete er 21. november 2025. Bidrag sendast på epost til vangmenighetsblad@gmail.com. Framsidebilete: Thor Østbye: St. Tomaskyrka i haustfargar

No byrjar dei flotte haustfargane å måle det kunstverket me er så heldige å få bu i. Det har vore godt (og naudsamt) med sommarferie for staben, og me er godt i gang att med ein hektisk kvardag.

Nytilsette skal sikrast inn i rollene sine, me skal inn på nye fagsystem, få fulgt opp pågåande vedlikehald, gjennomføre branntilsyn og følge opp etterarbeid etter vernerundene for sommaren – for å nemne noko, i tillegg til den vanlege

drifta. Samtidig kjem me oss sakte men sikkert på plass på nye kontorlokaler.

Rett før sommaren landa me nye kontorlokaler under banken her i Vang, så no er det der de finn oss. Sentralt i bygda med lett tilkomst frå alle kantar, og med god nok plass til den jobben me skal gjere for innbyggjarane her i Vang.

Den nye organisten vår, Kateryna Per-systa starta og opp i august. Så me gler



oss til vegen vidare med nye kjærkomne ressursar – varmt velkomne inn i ein no fullbesatt stab.

Med ynskje om ein fantastisk haust
– frå Silje

Kontormedarbeidar på kyrkjekontoret

Me har så vore heldige å få tilsett Silje Marie Olimb som kontormedarbeidar på kyrkjekontoret, der ho har funksjonen som sekretær og saksbehandlar for både fellesråd ved kyrkjeverja, sokneprest og sokneråd. Allereie etter kort tid ser me at dette utgjer ein formidabel endring i kva me får kapasitet til å handtere gjennom veka, då ho er eit rivjern til å jobbe og har kome seg godt inn i rolla.

Silje Marie er 39 år og frå Jevnaker. Ho bur saman med ein lokal kar med namn Håkon, ilag har dei sonen Henrik på 3 år. Dei bur ved Tveitaron, på heimgården der Håkon har vakse opp, her driv dei med geit.

Kva bakgrunn har du?

Eg kjem frå byggebransjen der eg har vore innom fleire forskjellige fagområde

og firma.

Kva var det som gjorde at du fekk lyst til å søkje stillinga?

Eg synes stillinga og fagfeltet virka både interessant og variert, samtidig som stillinga inneheld mange arbeidsoppgåver som eg liker og trivst med.

Korleis trivst du i jobben så langt?

Eg trivst veldig godt, både med kollegaer og arbeidsoppgåver.

Korleis trivst du som innflyttar i vakre varierte Vang?

Eg trivst veldig godt i Vang. Det er ein fin plass med mange hyggelige folk.

Me gler oss til fortsettinga, og ynskjer Silje Marie varmt velkomen til staben!

Silje Hammerstad



Høgtlesing på Drengestøga

Haustkveldar kan være ei fin tid for å lese saman.

Denne hausten vil eg gjerne lese boka 'Litt kristen' av Åste Dokka saman med deg.

Du kan komme oog lytte, eller du kan komme å lese høgt når det er din tur, eller sende boka vidare ettersom du ønsker den kvelden.

Me møtest i Drengestøga, på mitt kontor og les høgt for kvarandre i ein time. Det er alt. Drop-in går fint.

Kunne ikkje det vore interessant?

Her er søndagane og klokkesletta:

Søndag 5/10 kl. 17:30-18:30

(Obs: kveldsmesse i Vang kyrkje kl. 19)

Søndag 19/10 kl. 19-20

Søndag 26/10 kl. 19-20

Søndag 16/11 kl. 19-20

Søndag 23/11 kl. 19-20

Søndag 30/11 kl. 19-20

Venleg helsing og vel møtt!
Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang



Eldredagsveke

Fyrste oktober er den nasjonale eldredagen, ein dag som eldrerådet i Vang har markert lokalt i mange år, saman med pensjonistlaget. I år gjorde vi ein annan vri. Fordi 2025 er friluftslivet sitt år i Noreg, arrangerte vi ei eldreveke i veke 38 i staden for den tradisjonelle eldredagen – ei veke med aktivitetar over fleire dagar i Vang, Ryfoss og på Tyin/Filefjell. Folk kunne delta ein dag, to dagar eller alle tre dagane. For å gi tilbod til dei fleste eldre ut frå deira funksjonsnivå, også dei yngste pensjonistane, laga vi opplegg med låg- midt- eller litt høgare terskel for å delta. Dette skulle til saman passe dei fleste eldre.

Måndag stod petanque på programmet, eit spel liknande boccia, men med mindre ballar og litt andre reglar. Petanque-banen ligg ute aust for Vangsheimen og rett ovanfor det gamle bårhuset – i dag kalla BUA/utstyrslager. Gunnveig Holien og Derk Stegwee tok seg av dette. Derk Stegwee er vel kjent med petanque og rettleia dei framme i spelet; petanque kan ein spela også frå rullestol eller rullator. Etterpå fekk dei og andre gå inn til dekkja bord på Vangsheimen og nyte kaffi og gode og nysteikte vaflar, saman med fleire bebuarar derfrå; til saman 50 pensjonistar i ulike aldrar. Nils Rogn avslutta dagen med eit historisk foredrag gjen-



nom tekst og bilete om utvandring til Amerika frå 1800-talet og utover på 1900-talet. Nils fortalde om mang ein vangsgjelding som utvandra frå Vang.



Tysdag var Ryfoss møtestaden. Margrete Fagerheim og Gudrun Gustavsen gjekk med ei gruppe til Utsikten og vidare innover i skogen. Andre valde ei historisk vandring i flatt terreng i Ryfoss, saman med Odd Leithe og Knut O Haalien, fyrstnemnde med som forteljar. Atter andre slappa av i sentrum.

Deretter samlast dei 45 pensjonistane inne på Saras kafe og fekk servert smakfulle rundstykkje og kanelnurrar. Til slutt fortalde Odd Leithe om Ryfoss frå gamal tid. Som ein av dei eldste nolevande som er født og oppvaksen i Ryfoss, hadde han mangt å prate om – imponerende å halde foredrag utan manus for 45 personar i den alderen.



Torsdag bar det til fjells, til Tyn-File-fjellområdet. Dei som ynskte seg ein lengre tur, gikk mot Gamlestøga, om lag 6 km tur-retur. Ragnar Eltun var med som guide langs vegen. Som eit lågterskeltilbod vandra Gerd Marken med ei gruppe på nærtur i og rundt Tynkrysset. Alle samlast på Tyinkrysset fjellstøge til slutt til eit nydeleg måltid med suppe, kake og kaffi.

Og under kaffien heldt Ragnar Eltun eit spanande foredrag om kyrkjevegar frå Hemsedal til St. Tomaskyrkja. Frå gammalt av var det tett kontakt mellom Hemsedal og Vang. Mellom anna høyrde dei to nabokommunane til same bi-

spedøme mellom år 1125 og 1864. Slik var det i mange år årlege samlingar av ulike slag ved St. Tomaskyrkja rundt syftesok.

Leiarane Berit Nefstad i eldrerådet og Gerd Marken i Vang pensjonistlag var veldig fornøgde med deltakinga alle dagane. Vi sender ein stor takk til dei som guida oss under dei ulike turane, til foredragshaldarane og til dei som gav oss husrom og traktering. Ein ekstra takk til alle framkomne pensjonistar – pensjonistar i ulike aldrar og med ulike funksjonsnivå. Til og med torsdag stilte 30 personar opp til tur i Tyn/ Filefjell-området, trass i gråver og regn.

Det viser at vi har mange spreke og tøffe pensjonistar i kommunen.

Kva gjer vi neste år?
Nei, det veit vi ingenting om enno.

På vegne av
Vang eldreråd og Vang pensjonistlag,
Kari Bø Wangenstein

Foto: Knut Haalien, Gunnveig Holien
og Kari Bø Wangenstein

Sommartid ved dagsentra og Vangsheimen

Ein strålende fin sommardag reiste begge dagsentra på tur over Slettefjell. Det var god stemning om bord, og køyreturen gjekk forbi stølar, brusande fossefall og med høgreiste fjell å kvile augo på. Mange var det som beundra det frodige landskapet som skinte om kapp med sola.

Turen gjekk til Jotunstogo, der det vart servert god middag med godt drikke til, praten gjekk lett og timane fort. Det vart og ei god stund ein fekk sitte ute og nyte finværet med dessert, kaker og kaffi til, og dei som ville, fekk handle på butikken. Godt ut på ettermiddagen gjekk turen heimover etter ein dag dei som var med på turen vil hugse tilbake på med glede når vinteren melder sin ankomst.

Dagsenter Solgløtt var på besøk hjå Lene, det var ein invitasjon alle sette stor pris på å få og det var veldig koseleg å få kome på besøk til Slidre. Alle fekk god servering, og praten og latte-ten satt løst.

Tradisjonen tru har Vangsheimen hatt besøk av fleire framifrå flinke musikara som opererer heilt i toppsjiktet av norsk musikkliv. Ein av desse var Hans Olav Trøen som me var heldige å få på besøk for ikkje mange månadene sidan. Det var fengande musikk som fekk dansefoten til å røre på seg, og stemninga var god. Hans Olav Trøen har bakgrunn frå fleire danseband. Han har blant anna vunne Spelemannsprisen med Dænsebandet og Vagabond, og han har og vore nominert heile sju ganger saman med dei samme bandene. I 2015 deltok han i Melodi Grand Prix med Contrazt.

Kvar veke kjem Reidun Porten og spelar og syng på dagsentera og på avdelingane, der kan alle som vil vere med og syngje. Mange er det som synger med på dei kjente og kjære songene, mange minnes tilbake frå barndom og vaksentid.



Det vart og skipa til pølsefest for alle som bur på Vangsheimen ein fin soldag i sommar. Mange var det som var med og kosa seg ute i finværet, alle hadde mykje å prate om og dei sette stor pris på det dei fekk servert og fellesskapet.

Då bæra på buskene utom heimen begynte å modnes, vart stikkelsbæra hausta inn. Det vart koka stikkelsbærsyltetøy, noko dei som ville fekk servert på brødskiva si. Ein skikkeleg innertier vart det, og det var ikkje lenge før det var ete opp og syltetøyglaset var tomt.

Kan og nemnast at for dei som treng ein hårklipp eller å få stelt føtene, så er det på Vangsheimen moglegheit for dette. Mange er det som benytter seg av det ved å bestille time. Klede kan ein og få kjøpt seg. I løpet av året er der klessalg, så og sist sommar. Mange var det som benytta seg av det. I staden for å måtte


reise langt til nærmaste tettstad for å kjøpe seg finkjolen eller dressbuksa kunna dei gjere det i kort avstand frå heimane sine, det er veldig populært.

Ein fin haust ynskjer me dykk alle!

Helsing
Mimoza, Anny og Anne
Foto: Vangsheimen

Velkommen til dåp i kyrkjene i Vang!

Meld inn til kyrkjekontoret ved bruk av følgande nettside:
www.minkirkeside.no/Vang/



Dronefoto av Vangskyrkja: Kjell-Einar Kana

Stølsmesse i Høre sokn

Camilla og Jon Hålien var vertsskap for stølsmesse på Sonstølen syndag 10. august. Vi var 29 stykker samla på verandaen i sol og litt vind. Det var vikarprest Nils Kristian Lie som heldt messa. Den nye organisten i Vang, Kateryna Persysta spelte under messa og Jon Hålien spelte torader både før og etter. Det vart ei trivelig stund med eit gedigent lass med lappar og rømme og syltetøy etterpå.

Marianne Riste,
leiar i Høre sokneråd



Babysong

Torsdag 16. oktober kl. 11.00 - 13.00

Babysong og generasjonstreff på Fjordstøga på Vangsheimen

Torsdag 13. november kl. 11.00 - 13.00

Babysong på Drengestøga

Tirsdag 16. desember kl. 11.00 - 13.00

Babysong og generasjonstreff på Fjordstøga på Vangsheimen

Då Gud heldt fest på Helin

For meg er det alltid ei glede og ein fest å koma på Helin, der morsslekta har hatt stol. I år hadde eg sett fram til å kunne være med på stølsmessa i Helin-osen, og for ein flott dag det vart!

Den intense sydenvarmen hadde gitt seg, og temperaturen var heilt ideell for ei utegudsteneste. Då eg to veker tidlegare sat åleine på same plassen og tok inn naturen og landskapet, kjendes det mest for varmt å feire gudsteneste der. Gudstenesta, som vart leia av sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, var godt besøkt, og kyrkjelyden fekk med seg fleire godbitar denne dagen. Blant anna på den musikalske sida. Ingunn Hommedal stilte opp med blokkfløytespel, både som tonefølge til salmesangen og til postludium. Vart og vakkert let det der nede ved den stille fjorden.

Jørgen Andrisson Kvam spelte fele og bidrog slik til ei flott ramme omkring dåpshandlinga. Då vesle Marie vart døypt, hadde prest Ingebjørg rikeleg med vatn å ause av, for dåpen gjekk føre seg ute i fjorden. Her var det ikkje snakk om noko temperert dåpsvatn.



Me som var tilstades vil nok også hugse de nyfikne kyrne som kom ned i Osen for å drikke og stelte seg på tangen rett framfor kyrkjelyden.

Etter gudstenesta var det som vanleg kyrkjekaffe med rikeleg traktering med lapper, kaker og kaffe.

Ein stor takk til soknerådet som tek på seg å stelle i stand stølsmesser, ein tradisjon eg håpar vil halde fram i Vang.

Tekst: Anny Holien
Foto: Kristin Bakke Lajord og Anine Rauken Kattvold



KONSERT

Fjellblom Musikklag med gjester

inviterer til høstkonserter

Onsdag 29. oktober 2025 kl. 19.00
i Heensåsen kirke

Inngang kr 200,-

Velkommen!



Konsertserie: 1 Krøsshaugens fotefar gjennom Valdres

Et kirkerom kan være egnet til så mangt, ikke bare til gudstjeneste. Rommet er vanligvis romslig og luftig, kanskje litt kjølig, som regel vakkert utsmykket. Det inngir ro og rom for stillhet og ettertanke. Så kan man fylle det med hva man ønsker – eller med det som er planlagt der og da, og da får rommet gjerne en ekstra dimensjon. Slik som en søndagskveld midt i juni, i St. Tomaskyrkja, da folkemusikeren Sivert Holmen gikk i Krøsshaugens fotefar gjennom Valdres. Konseptet var originalt: Sivert hadde gått Kongevegen fra Neset i to dager og hatt konsert i Gamle Kvam fredagskvelden og i Øye stavkirke lørdagskvelden. Søndagen gikk han videre til St. Tomas og hadde slått opp teltet i regnbyger og laget seg middag før konserten om kvelden. Da hadde også gjesteartisten Silje Risdal Liahagen sluttet seg til ham.



Og det var ingenting å merke til at hverken kropp eller fingre hadde tatt skade eller blitt stive og støle av turgången. Kombinasjonen mellom gange tidligere på dagen og musikk om kvelden fungerte utmerket. Vi – en nesten fullsatt kirke – fikk en konsert som var tilpasset tid og sted. Vi skjønte at repertoaret i Øye stavkirke dagen før også hadde vært tilpasset dette stedet, bl.a. fordi Sivert fortalte at han dagen før hadde glemt å fremføre en lått som Ola Grihamar hadde lært ham – så da fikk vi høre den i St. Tomas istedenfor. Absolutt ingen hadde noe imot det. Sivert Holmen på hardingfele og Silje Risdal Liahagen på vokal fremførte mange tradisjonelle låtter med tilknytning til Valdres og Vang, mest lydarlåtter, men også danserytmer. Sivert fortalte både om Lars M. Krøsshau (1785-1830) og om andre spelemenn som hadde hatt tilknytning til området, og fortalte også litt om den tidligere stavkirkens skjebne og om Smedalsklokkene. Selvfølgelig fikk vi til avslutning hardingfeleversjonen av St. Tomasklukkellått. Krøsshaugen er opphavsmann til denne lått, som kanskje er mest kjent med leikeleik – men et uvant instrument bringer alltid ny og spennende dimensjon til kjent musikk.



Det var en fin stund i St. Tomaskyrkja denne kvelden, en

stund til å senke skuldrene og la roen falle over en, en stund til å hvile i musikken og i rommet.

Sidsel Offergaard Jevne

Døde i Vang det siste året (oktober 2024 - september 2025)

Øye sokn:
Ewa Szalaj

Heensåsen sokn:
Tomas Arvid Hillestad
Inger Bråthen Havro
Guri Rogn
Mai Lisbeth Kongslien

Vang sokn:
Guro Grøv
Bodhild Neshagen
Björg Elida Leirhol
Jan Petter Magnus



Omvisartenesta ved stavkyrkjene

Begge omvisarane er godt nøgde med sesongen, og det er har vore heile 871 besøkande ved Høre stavkyrkje, og 630 besøkande ved Øye stavkyrkje denne sommaren.

Me har vore heldige med kontinuitet, med over middels engasjerte, interesserte og sjølvgåande omvisarar. Det gjer denne tenesta desto enklare å administrere.

I Høre har det vore Jon Erling Holtet som har vore omvisar i år, som i fjor. Og tyske Gudrun Niemeyer har vore omvisar ei årrekke ved Øye stavkyrkje. Mannen hennar, Rolf, har og vore omvisar i Lomen stavkyrkje, på dei same dagane som Gudrun, og dei trivst godt med å tilbringe sommaren på denne måten her i vakre, varierte Valdres.

Silje Hammerstad



JENNY'S JUL

Den kulturelle spaserstokken inviterer til førjulskonserter med Jenny Jensen. Jenny elsker jula!

Ein kan heller ikkje minnst eller kjenne til ein annan artist her til lands som er så julete som nettopp Jenny Jenssen. Allereie i slutten av oktober er ho i julestemning, heng opp julelys i hagen, pyntar innandørs osv.

Julekonsertane til Jenny Jenssen speglar hennar nære forhold til jula og julebodskapen. Stemningsfullt, vakkert og nært er nøkkelorda på Jennys førjulsturné. Jenny fortel frå eigen barndomsjul og oppvekst, og om korleis ho opplevde juleforebuingane.

Songane Jenny framfører er mellom anna henta frå den publikums- og kritikkarrote juleplata *Jennys Jul*. Her kjem dei kjende og kjære julesongane som perler på ei snor, inkludert Trygve Hoff sin Nordnorsk julesalme og Et lys i mot mørketida.

KONSERT:
Fredag 21. november
kl. 19:00
Vang Kyrkje

Inngang:
Bebuarar på Vangsheimen: *Gratis*
Pårørande i følge med bebuarar på Vangsheimen: *Gratis*
Vaksne: kr. 250,-
Under 23 år: kr. 100,-



Førjulsmarknaden i Øye

Det lir mot haust og vinteren er snart på tur. Komiteen for Førjulsmarknaden i Øye er godt i gang med planlegging av årets marknad. Som vanleg er marknaden lagt til siste helga før fyrste sundag i advent.

Eit kort, historisk tilbakeblikk kan vi koste på oss:

Øye-marknaden har eksistert sidan 2009 i noverande form og byggjer på julemessene som Vang husflidslag arrangerte. Den fyrste julemessa deira var på Torsheim i 1993 og sidan rullerte messa mellom alle grendene. I år 2000 var den jamvel på Filefjell skisenter. Etter kvart tok Husflidsdagen i Kvam over som både utstilling, salg, ymse demonstrasjonar og ikkje minst mat, kaffe og sosialt treff. Den siste julemessa til husflidslaget var på Åsvang i 2001. Så var det stillstand ein del år heilt til Helen Koppfeldt og syster hennar, Carina Berns arrangerte den fyrste Førjulsmarknaden i 2009 i Øye, og etter dette har både tid og stad vore fast. Etter kvart kom Kari Hermundstad og Ingebjørg Wigdel inn i arrangementskomiteen, og med sikker stil og sans for kvalitet utvikla dei marknaden til det den er i dag. Eit varemerke vart dei kornblå dukane som laga flott heilskap i rommet.

Målet har alltid vore å få fram alle dei flinke og produktive personane som finst i Vang, og gje dei ei plattform å selja produkta sine frå. Det brukar utvikle seg eit godt sosialt miljø blant utstillarane, hjelp og støtte er det raust med. Sjølv om hovudvekta av utstillarar kjem frå Vang er også produsentar frå grannekommunane hjarteleg velkomne.

«Uten mat og drikke, duger helter ikke»

Sidan vi i komiteen har eigne stands å passe, lyt vi få andre til å sørge for traktering. Lag og organisasjonar i bygda som treng pengar til eit eller anna prosjekt har hatt kafeteriaen og fått inntekta derifrå. I mange år hadde Grindaheim Røde Kors dette ansvaret, seinare har Laget for funksjonshemma tent pengane og dei siste åra har grendahuset Torsheim fått fornya ein del takk vera pengane frå matsalet på marknaden. Kaffekoppen og samtalene med kjende er triveleg på slike tilstellingar.

Fornyng og rekruttering

Etter mange år er det behov for ei viss fornyng av alle arrangement, så også hos oss. Idear til slikt kjem gjerne utanfrå. Det er vanskeleg i koma vekk frå gamle vanar åleine. Vi er difor veldig takksame for alle gode innspel som kan føre marknaden eit steg vidare. Ta gjerne kontakt med ein i komiteen om du har ein god idé.

Mange av oss har vore med «i alle år» og ikkje blir vi yngre med åra vi heller. Vi ynskjer oss tilvekst! Så om du sjølv har ein hobby som truar med å sprengje lageret ditt eller du har ein nabo eller kjenning som er grepa flink til kunststrikk, tægerbinding, tredreiing eller anna så meld deg på. Kanskje er du så glad i å bake at du har litt å selja på marknaden?

Kort sagt: alle som driv med noko spennande og har lyst til å koma, må ta kontakt.

Årets marknad vil gå etter godt innkøyrd tradisjon: Staben er godt innkøyrd i tilrettelegging og organisering, Torsheim-gjengen gler seg til møter med folk og invitasjon går ut i desse dagar til alle på lista. Komiteen ynskjer alle utstillarar, både gamle og nye velkomne. Vi håpar mange finn vegen til Øye desse marknadsdagane.

Tekst: Bjørg Berge

Bilder: Sven Ingar Moen






Barnas

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no

1.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	Dyr i Johannes openberrring 4,7
2.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4
Mann i Lukas 5,27	3.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
Dei som skapar fred i Matteus 5,9	4.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
5.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	Landområde i Johannes 4,4
Gåve i Matteus 2,11	6.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
Landområde i Apostelgjerningane 21,2	7.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
Himmelretning i Matteus 8,11	8.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



- Doktor, eg trur eg treng briller.
- Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar

Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.

Lærerikt bedriftsbesøk

Årets elevbedrift under yrkesmessa på Vang barne- og ungdomsskule, Flipp&Fjøl, fekk som premie å reise på bedriftsbesøk hjå Vang Autoservice. Det vart ein innhaldsrik dag der elevane fekk både pizza, fagleg påfyll og nyttige innblikk i korleis ei lokal verksemd kan skape arbeidsplassar og framtidsmoglegheiter.

Dagleg leiar Arve Wangensteen tok imot elevane og fortalde om historia og drifta av bedrifta. På spørsmålet frå elevane om kva Vang Autoservice var mest stolte av, peikte Arve på det å ha mange tilsette og å klare å konkurrere, trass i at Vang er ein liten kommune i Valdres.

– Vi er stolte av å vere ei bedrift som gir arbeid til mange, og som stadig utviklar oss, sa Wangensteen.

Elevane fekk deretter bli med på ei omvising i lokala. Dei fekk sjå mykje av det som rører seg i kvardagen på Vang Autoservice – frå vannscooterar til store bergingsbilar. For fleire av elevane vart dette eit høve til å sjå kor variert arbeidsdag ein kan ha i ein mekanisk og teknologisk verksemd.

Besøket inspirerte òg til å tenkje på framtida. Ein av elevane fortalde at ho ønskjer å bli sveisar – eit fag som det er behov for i ei slik verksemd. Andre såg korleis digitalisering og teknologi gjer at datakunnskap blir stadig viktigare. På ein moderne arbeidsplass som Vang Autoservice er det rom for mange ulike kompetansar, frå mekaniske fag til IT og kundeservice.

Mot slutten av besøket oppmoda Wangensteen elevane til å søkje deltidsjobb dersom dei kunne tenkje seg arbeid på stasjonen. Det vart ein ekstra motivasjon for fleire av ungdommane, som såg at utdanninga dei vel framover, kan opne dører til jobbar også lokalt.

For Flipp&Fjøl vart besøket både lærerikt og inspirerande. Elevane fekk betre forståing for korleis ei lokal bedrift fungerer, og ikkje minst kva slags moglegheiter som finst dersom ein vel å satse på yrkesfag eller teknologiske utdanningar.

– Det var ein nyttig dag som vi tek med oss vidare, sa elevane samstemt etter besøket.

Yvonne Mæland
rådgjevar utdanning og kultur, Vang kommune



Støtt årets TV-aksjon

TV-aksjonen har vært arrangert hver høst siden 1974. Årets aksjon, som blir den 51. i rekken, går til Atlas-alliansen. Inntektene fra TV-aksjonen 2025 skal åpne dører for funksjonshemmede som lever i krig og fattigdom, ved å gi nødhjelp, utdanning og muligheten til et bedre liv.

Atlas-alliansen

Stiftelsen Atlas-alliansen er en paraplyorganisasjon for åtte organisasjoner av og for funksjonshemmede. Det er Norges Blindforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Norges Handikapforbund, Ryggmargsbrokk- og hydrocephalusforeningen, Mental Helse Ungdom, Norges Døveforbund og Stiftelsen Signo.

Atlas-alliansen ble stiftet i 1981 og har tidligere hatt TV-aksjonen i 1981, 1992 og 2002. Organisasjonen jobber for å fremme rettighetene og bedre levekårene for funksjonshemmede i det globale sør. Atlas-alliansens organisasjoner bruker egne erfaringer og kompetanse i samarbeid med partnere i sør i det internasjonale bistandsarbeidet.

Mennesker med funksjonsnedsettelse er verdens største minoritet. Likevel blir deres rettigheter ofte glemt, og mange opplever å bli diskriminert og utestengt, både i kriser og i dagligliv.

I krig og kriser er funksjonshemmede ekstra utsatt. Tenk deg at flyalarmen går og alle rundt deg stormer ned til bomberommet mens du blir sittende igjen alene og redd – tilfluktsrommet er ikke tilrettelagt for deg og rullestolen din. Nødhjelp kommer også i liten grad frem til denne gruppen.

Dette går pengene til i 2025

Atlas-alliansen vil bruke penger fra årets TV-aksjon til å gi funksjonshemmede i Ukraina, Palestina, Nepal, Zambia, Tanzania, Etiopia og Uganda et bedre liv. Pengene skal også bidra til at menneskerettighetene til personer med funksjonsnedsettelse respekteres og at funksjonshemmede selv skal bestemme over egen utvikling.

– Pengene som samles inn, skal gå til å bedre levekårene for funksjonshemmede og sikre likeverdig tilgang til hjelpemidler, skolegang, arbeid, helsetjenester og nødhjelp for 200 000 mennesker, forteller Marit Sørheim, daglig leder i Atlas-alliansen.

– Langsiktig utvikling og humanitær innsats henger tett sammen. Verden over kjemper derfor funksjonshemmede selv for sine rettigheter og for å kunne leve gode liv i sine samfunn, sier hun videre.

1,3 milliarder mennesker i verden har en funksjonsnedsettelse. Mange av disse lever i fattigdom og har ikke samme tilgang til utdanning, helsehjelp og arbeid som andre. I krigs- og konfliktområder er livet ekstra vanskelig for funksjonshemmede, og væpnet konflikt fører til at flere blir skadet. I Palestina risikerer en hel generasjon barn å vokse opp med alvorlige funksjonsnedsettelse på grunn av krigen, og mange vil ha mentale traumer.



Ambika and Saru bor i Nepal, der Norges Blindforbund samarbeider med det nepalske blindforbundet.



På Zanzibar i Tanzania har kvinner både med og uten funksjonsnedsettelse blitt med i spare- og lånegrupper. De produserer også varer som vesker og såper, som de selger til lokale og til turister.

Pengene fra TV-aksjonen skal gå til skolegang, helsetjenester og nødhjelp, samt hjelpemidler som skolebøker med punkt-skrift, rullestoler og proteser. TV-aksjonen skal gi 200 000 mennesker med funksjonsnedsettelse og familiene deres i Palestina, Ukraina, Etiopia, Nepal, Tanzania, Uganda og Zambia et bedre liv.

Du kan lese mer om detaljene på <https://blimed.no/>

Din støtte til TV-aksjonen vil bidra til varige endringer som gir økt livskvalitet, respekt og frihet. Du kan bidra også etter selve aksjonsdagen, på Vipps: 2133 eller til kontonummer: 8380 08 09005.

Bearbeidet fra tvaksjonen.no - bilder fra tvaksjonen.no

STØTT TV-AKSJONEN

Vipps 350,- eller eit valfritt beløp til 2133



19. oktober 2025

Atlas-alliansen

NFK TV-aksjonen

Sommar og haust

på biblioteket
og frivilligsentralen

Hausten er som alltid travel på biblioteket og frivilligsentralen. Vi minner om at du kan abonnere på vårt nyheitsbrev for å få info om alt vi driv med rett i innboksen!

Nærturar med soppjakt og kunstbesøk



To turar har me hatt i haust. Den fyste med soppjakt! Nærmare 30 stk vart med til Fugleberg ein skytung ettermiddag i slutten av august. Denne gongen med to frå Valdres sopp- og nyttevekstforening + ein lokalkjent sopplukkar.

Med den fine grillhytta som base gjekk alle ut i skogen på jakt etter sopp. Etter kvart kom både den eine og andre med fleire typar sopp i ulike fargar og størrelsar. Alt vart lagt fram på benkar og bord, og Mariska og Anne Karin fekk meir enn nok å halde styr på, fortelje og lære bort. Plukkarane lytta interesserte og lærte om både etande sopp, giftige sopp, smakfulle sopp og ikkje fullt så smakfull sopp... Dette var noko av det me fant: rimsopp, brunskrub, stankkremle (og mange andre kremle), skrub, risk, steinsopp, kantarell, slørsopp, skjeggriske, musserong, kamflusopp.

Den andre nærturen hadde me i sørre delen av Vang, der Kvieshaugen var møtepunktet. I fint haustvær var det ein



Scan koda
for nyheits-
brev!

god gjeng på 15 stk som gjekk kulturløypa frå Kvieshaugen mot Riddarberg. Dette er eit flott turområde med open furuskog og mykje bær! Ein stopp på Riddarberg med litt historie og guiding ned til «stallad`n» var på sin plass, før me gjekk vidare ned til den nye brue over Vesleåne. Brue fekk forøvrig mykje fortent skryt.



Neste stopp var på Kval hjå Tron, som hadde opna kunstatelieret sitt for oss. Tron fortalte raust om si reise både i livet og kunsten, og om vendepunktet då han bestemte seg for at ja – det var kunst han skulle jobbe med! Som kunstnar er det mange måtar jobbe på, og Tron fortalte om både installasjonar, kartografi og frottager. Han hadde fått eit spark bak, som han sa, til å henge opp mykje av det han har laga siste ti-året til denne kvelden. Og me var heldige å få bruke tid på å forstå, få forklart og beundre arbeidet hans. Tron sa forøvrig at det var berre ta kontakt og stikke innom, om nokon ynskte det, og det kan verkeleg anbefalast.

Generasjonstreff



Fjordstøga på Vangsheimen fylles bra opp på fyste treffet i haust, i alt 20 stk. Ein ser at bebuarane gleda seg stor over

dei små. Ein fin møteplass der også ein nyinnflytta far med dotter kom og vart godt motteken og inkludert.

Anne Lajord Belsheim leia oss gjennom regler og sangar, både lokale og andre. At ungane kosa seg høyrdes godt då golydane kom etter kvart, både i sangen, bevegelsane og med alle instrumenta og leiker som var med. Kaffi og noko biteti vart det også. Ei triveleg stund der fleire generasjonar kosa seg i lag. Neste gong blir torsdag 16. oktober. Velkomne!

Sommarles 2025



Sommarles er ein leseaksjon for skulestartarar og 1.-7. klasse i juni, juli og august. Ungane registrerer lesne bøkene på nett og kan få premiar på biblioteket og trofear på nett gjennom sommaren. Ettermiddagen 9. september hadde vi avslutning, og med årets tema «gåter og mystikk» passa det bra å henge opp 110 oppgåver rundt om på biblioteket som ungar og vaksne kunne løyse. Her var det noko for alle, det var alt frå å teikne ein katt til spørsmål som «om ein norsk tiur flyr til Sverige og legg egg, blir kyl-

lingane norske eller svenske?». Dei hadde i underkant av ein time til å løyse oppgåver. Tida flaug fort og plutseleg var det tid for utdeling av premiar. Alle som var med på avslutninga og løyste oppgåver fekk premie, i tillegg vart det trekt ut tre premiar blant dei som hadde vore med på sommarles. I sommar har 58 ungar i Vang lese 82000 sider!

Bok om etterkrigstida



Torsdag 11. september var Jørgen Norheim på biblioteket og prata om den nyaste boka si: Olga Bjoners plass. I denne boka gjer han om på etterkrigstida; her er det nazistane som vinn krigen. Norheim las sekvensar frå boka og fortalde korleis dei hang saman. Etterpå kunne dei som ville kjøpe og få signert bok. Vi har denne og dei eldre bøkene til Norheim på biblioteket, kom gjerne innom og lån dei.

Vang fotballturnering

Litt regn stoppa ikkje vangsgjeldinga-



ne frå å lage folkefest på fotballbanen 14. september! Over 150 var samla på Tveit for å kjempe om vandrepokalen eller heie på sine sambygdingar. Etter

til saman 12 kampar i gruppespelet var det klart for finale mellom Vang kraftlag og Black panthers, og kraftlaget (dvs Vang energiverk) stakk av med seieren. Gratulerer!

Tusen takk til alle bidragsytarar, sponsorar og frivillige. Det var veldig moro å samle bygda til venskapeleg kamp igjen – vi satsar på at tradisjonen no er tilbake for å bli!

Foreningsportalen – no også for bedriftene

Sjekk innom vang.foreningsportal.no




med jamne mellomrom! Der finn du arrangement frå heile foreningslivet – og no også frå bedrifter! Næringsrådgivar i kommunen har i samarbeid med Frivilligsentralen jobba for å få på plass eit bedriftsregister i foreningsportalen. Vi er særst fornøgde med at næringslivet i Vang med dette blir meir synleg, og at alle innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar enkelt og greitt skal finne fram til dei tenestene dei søker - i tillegg til alle frivillige lag og dei flotte aktivitetane som dei skapar.

Vi har meir å by på utover hausten fram mot jul:

TV-aksjonen

Årets aksjon går til Atlas-alliansen og



skal opne dører for funksjonshemma som lever i krig og fattigdom. Sundag 19. oktober kjem det bøssebærarar til

alle hus i Vang – ta godt i mot dei!

Kviss

4. september starta vi kvissåret på bibli-



oteket med 16 deltakarar. Som vanleg var det 2 x 17 spørsmål om ulike tema. Spørsmåla er om alt mellom himmel og jord, og litt til. Det einaste som er sikkert, er at det ikkje blir fotballspørsmål. Vi held kviss 3-4 gonger i halvåret, og varierer på kva vekedag som blir brukt. Før jul blir det kviss 3. november og ein kveld siste veka før jul.

Velkomen til verktøykveld i Vang!

Saman med Valdresmusea inviterer vi måndag 17. november kl. 19 til ein hyggeleg kveld med verktøy i fokus. Utstyr til bruk på kjøkenet, i verkstaden eller i skogen, alt er like interessant! Ta gjerne med verktøy eller utstyr du lurar på kva er, eller kan hende har du noko du har lyst til å visa fram. Me får med oss tradisjonsberarar som har greie på mangt og mykje, og som gjev gode svar og bidreg til gode samtalar. Alle er velkomne til hyggeleg prat og enkel servering.

Bokkveld med utdeling av positivprisen

Tradisjon tru blir det bokkveld fyrste onsdag i desember kl 19. I skrivande stund har vi ikkje landa kven som kjem, så følg med på kva vi legg ut etter kvart.

Hugs at du kan nominere kandidatar til positivprisen! Positivprisen skal gå til enkeltpersonar, grupper eller lag og foreiningar heimehøyrande i Vang, som har gjort ein særleg innsats for bygda si. Kandidaten skal vere ein lagspelar som bidreg for fellesskapet. Kandidaten er eit godt forbilde som inspirerer og motiverer andre gjennom sitt engasjement for Vangssamfunnet. Nominasjonsskjema finn du på vang.frivilligsentral.no og nominasjonsfrist er 19. november.



Helsing Marte og Marianne

Gudstenester – Hausten 2025

September 2025

- **Sundag 7. september kl. 11.00 i Vang Kyrkje** - Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland.
- **Sundag 14. september kl. 11.00 i Høre Stavkyrkje**
Gudsteneste m/nattverd, dåp og presentasjon av konfirmantar v/sokneprest Laugaland.
- **Onsdag 17. september kl. 12.00 på Vangsheimen** - Andakt v/sokneprest Laugaland.
- **Sundag 21. september kl. 11.00 i Heensåsen Kyrkje**
Gudsteneste med trusopplæringstiltak for 4-åringar, dåp og nattverd v/sokneprest og kyrkjelydspedagog.
Alle 4-åringane i Vang er velkomne! Kyrkjekaffi etter gudstenesta.
- **Onsdag 24. september kl. 10.30 i Vang Kyrkje** - Morgonsong v/sokneprest Laugaland.

Oktober 2025

- **Sundag 5. oktober kl. 19.00 i Vang Kyrkje** - Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland.
- **Onsdag 15. oktober kl. 10.30 i Vang Kyrkje** - Morgonsong v/sokneprest Laugaland.
- **Onsdag 15. oktober kl. 13.00 på Vangsheimen** - Andakt v/sokneprest Laugaland.
- **Sundag 19. oktober kl. 16.00 i Høre Stavkyrkje**
Gudsteneste med trusopplæringstiltak for 6-åringar og nattverd v/sokneprest og kyrkjelydspedagog.
Alle 6-åringane i Vang er velkomne!
- **Sundag 26. oktober kl. 11.00 i Heensåsen kyrkje**
Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.

November 2025

- **Sundag 2. november kl. 19.00 i Høre Stavkyrkje**
Allehelgen gudsteneste for alle sokn v/sokneprest Laugaland.
- **Sundag 16. november kl. 11.00 i Heensåsen Kyrkje**
Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.
- **Onsdag 19. november kl. 10.30 i Vang Kyrkje** - Morgonsong v/sokneprest Laugaland.
- **Torsdag 19. november kl. 13.00 på Vangsheimen** - Andakt v/sokneprest Laugaland.
- **Sundag 23. november kl. 16.00 i Øye Kyrkje**
Lysmesse med konfirmantane og sokneprest Laugaland.
- **Sundag 30. november kl. 11.00 i Vang Kyrkje – 1. søndag i advent**
Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland.
«Lys Våken» - gjengen og kyrkjelydspedagog deltek.



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	NTH	90 05 98 50
Alle gode ting er tre	48 09 59 48	Pelssau	99 71 43 18
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bbygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Tyinlam	99 46 61 15
Grindaheim Bygg &		Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Bygg	99 69 06 30	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Montér Kvismo	61 36 81 85		

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Førs minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 250,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



*Slekters
gang*

Høre:

Døyp:

15.06: Eira Øvrevoll Heimlid
14.09: Jens Fredriksen Hålien
14.09: Åse Edvardsen Dahl

Heensåsen:

Døyp:

21.09: Felix Jevnaker

Vigde:

06.09: Gry Sissel Mathisen og
Nils Harald Heen

Vang:

Døyp:

27.07: Marie Paulsen Tveit

Vigde:

12.07: Thea Sandsengen og
Jørgen Andrisson Kvam

Død:

06.06: Bjørg Elida Leirhol
27.08: Jan Petter Magnus

Øye:

Døyp:

23.06: Mathilde Hålmoen Bøe

Vigde:

23.08: Marte Gullborg Juuhl Johansen og Sondre Vegard Edvardsdal (St. Tomaskyrkja)

Død:

27.08: Ewa Szalaj



FRIST

FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE

21. NOVEMBER

Gudstenester og andre arrangement

Dag	Dato	Dag i kyrkjeåret	Sted	Tid	Gudsteneste/andre arrangement
Fredag	10. oktober		Vang kyrkje	15:00 – 17:00	Open kyrkje i høve verdsdagen for psykisk helse. Kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen er kyrkjevert
Onsdag	15. oktober		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Onsdag	15. oktober		Vangsheimen	13:00	Andakt
Fredag	17. oktober		Høre Samfunnshus	19:00	Høre sokneråd arrangerer bingo
Søndag	19. oktober	19. søndag i treeiningstida	Høre stavkyrkje	16:00	Gudsteneste med nattverd og utdeling av bok til 6-åringar v/sokneprest Laugaland og stab. 6-åringar er spesielt invitert
Søndag	19. oktober	19. s. i treeiningstida	Drengestøga	19:00 – 20:00	Høgtlesing av boka «Litt kristen» v/sokneprest Laugaland
Søndag	26. oktober	Bots- og bededag	Heensåsen kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland med stab. Kyrkjekaffi etter gudstenesta
Søndag	26. oktober	Bots- og bededag	Drengestøga	19:00	Høgtlesing av boka «Litt kristen» v/sokneprest Laugaland
Onsdag	29. oktober		Heensåsen kyrkje	19:00	Fjellblom musikklag inviterer til haustkonsert
Søndag	2. november	Allehelgensøndag	Høre stavkyrkje	18:00	Minnegudsteneste kl. 19.00 v/sokneprest Laugaland med stab. Kyrkja er open med musikk frå organist Persysta frå 18.00.
Søndag	16. november	23. søndag i treeiningstida	Heensåsen kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab. Kyrkjekaffi etter gudstenesta
Søndag	16. november	23. s.i treeiningstida	Drengestøga	19:00 – 20:00	Høgtlesing av boka «Litt kristen» v/sokneprest Laugaland
Onsdag	19. november		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Onsdag	19. november		Vangsheimen	13:00	Andakt
Fredag	21. november		Vang kyrkje	18:00	Ekstern konsert: Jennys Jul v/Den kulturelle spaserstokken
Søndag	23. november	Siste s. i kyrkjeåret	Øye kyrkje	16:00	Lysmesse v/konfirmantane, sokneprest Laugaland og stab
Søndag	23. november	Siste s. i kyrkjeåret	Drengestøga	19:00 – 20:00	Høgtlesing av boka «Litt kristen» v/sokneprest Laugaland
Søndag	30. november	1. søndag i advent	Vang kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/Lys Våken-gjengen, sokneprest Laugaland og stab
Søndag	30. november	1. søndag i advent	Drengestøga	19:00 – 20:00	Høgtlesing av boka «Litt kristen» v/sokneprest Laugaland
Tirsdag	2. desember		Drengestøga	16:30	Vang sokneråd inviterer til julegrantenning og julegraut
Søndag	7. desember	2. søndag i advent	Høre stavkyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab
Onsdag	10. desember		Vang kyrkje	10:30	Morgonsong
Onsdag	10. desember		Vangsheimen	13:00	Andakt
Torsdag	11. desember		Vang kyrkje	18:30	Ekstern konsert: Jul med Valdresmål og Meining
Søndag	14. desember	3. søndag i advent	Heensåsen kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og stab. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.
Mandag	15. desember		Vang kyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn saman med Høre Mannskor
Onsdag	17. desember		Heensåsen kyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn med Vangskoret og Fjellblom Musikklag
Torsdag	18. desember		Vang kyrkje	09:30	Skulegudsteneste v/VBU, sokneprest Laugaland og stab.
Søndag	21. desember	4. søndag i advent	Høre stavkyrkje	19:00	Vi syng og spelar jula inn saman med Høre Mannskor

VANG AUTO-SERVICE AS



www.vangautoservice.no

Bak deg hele veien!

- har sponset utgivelsen av denne utgaven av

VANG MENIGHETSBLAD